

# Før lesinga

Elevane skal lese ein fagtekst om fargesymbol for å bruke dei til å skildre stemninga i biletboka *Bomulv*. Gå til [snl.no/fargesymbolikk](http://snl.no/fargesymbolikk) og les med eit mål: Finn ut kva dei ulike fargane symboliserer. Skriv gjerne ei liste med fargar og symbolikk. Det er viktig at elevane får vite kvifor dei skal lese denne teksten. Å bruke fargesymbolikken til å tolke stemninga i bileta gjev elevane tolkingsverktøy dei kan bruke i denne teksten, men også i andre tekstar med bilete, til dømes kart og andre multimodale tekstar.

Det er også viktig at elevane får vite på førehand at dei skal lese teksten for å få nødvendige bakgrunnskunnskapar, slik at dei kan bruke det i møte med ny informasjon. La elevane få vite at det å *tenkje gjennom kva dei veit frå før*, kanskje er den aller viktigaste lesestrategien dei tek i bruk for å forstå det dei les.

Sjå på framsida og baksida av boka *Bomulv*. Bruk det elevane har lært om fargesymbolikk, og spør kva for fargar det er på framsida og baksida. Her er nokre forslag til spørsmål du kan stille:

- Kvifor heiter han *Bomulv*?
- Kvifor er *Bomulv* kvit?
- Kva kan du seie om «*Bomulv*» som ulv med tanke på at han er kvit?
- Kva for ein farge har ein ulv normalt?
- Kvar trur du handlinga skjer? (skogen)
- Kvifor trur du at handlinga skjer i ein skog?
- Beskriv skogen, og legg vekt på fargevala.
- Kva kan du seie om sauene?
- Kvifor ser *Bomulv* på sauene?
- Kva trur du skjer i handlinga i boka?

Spørsmåla tek utgangspunkt i bakgrunnskunnskapane til elevane om dyra og skogen som stad for handlinga, om det å bruke fargesymbolikk for å vurdere kva personlegdom dyra kan ha, og kva stemning som er i boka. Samstundes kan elevane føregripe handlinga ved å lage seg ein teori om kva dei trur kjem til å skje. Å stille «kvifor»-spørsmål tvingar elevane til å bli bevisste på og bruke bakgrunnskunnskapane sine.

